
NOTAT

22.02.22

Vurdering om regulering av Åmothaugen vest utløyer krav til konsekvensutgreiing

Føremål med konsekvensutgreiing

I samband med oppstart av planarbeid skal det gjennomførast ei vurdering av planarbeidet opp mot forskrift om konsekvensutgreiingar for å avklare om planarbeidet utløyer krav til konsekvensutgreiing. Føremålet med dette notatet er å dokumentere denne vurderinga.

Den første vurderinga ein gjer er å sjå i kva grad tiltaket kan få meir enn ubetydeleg verknad for naturmiljøet i og utanfor planområdet, eller betydeleg og langvarig verknad for miljø og samfunn i planområdet. Denne vurderinga avgjer om KU blir sett på som nødvendig.

Ved vurderinga skal ein leggje vekt på om verknadene kan tenkast å bli omfattande og røre sjeldne miljøverdiar, om dei er irreversible eller av lang varigheit.

Heimelsgrunnlaget for vurdering er Forskrift for konsekvensutgreiing FOR-2017-06-21-854 § 6, 8 og 10, og dessutan vedlegg I og II. I lys av §21, skal konsekvensutgreiinga identifisere og skildre dei faktorane som kan bli påverka og vurdere vesentlege verknader for miljø og samfunn. Relevante bakgrunnsdokument er kommunedelplan Åmot.

Føremål med planen

Plan- og miljøutvalet i Vinje kommune har vedteke å starte reguleringsarbeid for området kring Spar Bratland, Vinje helsesenter, omsorgsbustadene på Bruli og Gamlehaug, biblioteket og lensmannskontoret. Bensinstasjonen på nordsida av E134 og hotelltomta takast med i plangrensa for å ha høve til å vurdere nye trafikale grep for køyretilkomst til området. Planarbeidet skal også inkludere dei store trafikkareala kring busetnaden og liane ned Vinjeåi i sør og Ormetjønn i vest.

Hensikta med reguleringsarbeidet er å heimle bygging av nytt helsesenter med parkeringskjellar, styrke opp om stadutviklinga i Åmot med mål om å fremme helsa til innbyggjarane, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold. Mellom anna ved å betre trafikkareala og sikre dei mjuke trafikantane, auke tilgjenge til rekreasjonsområde og leggje til rette for auka attraktivitet av det offentlege rommet i tettstaden. Fotavtrykket til nye bygg blir vurdert til å vere på ca. 3000 m². Inkludert parkeringskjellar vil det vere opp mot 4 høgder i nye bygg. Samla utbygging blir då omlag 12.000 m² BRA.

I kommunedelplan Åmot (19930001) ligg planområdet innanfor område med noverande forretning og noverande offentleg bygg. Planområdet inneheld eksisterande sentrumsbusetnad i administrasjonssenteret til Vinje kommune, som er bygd ut etter fire reguleringsplanar:

- Åmot sentrum (19860003)
- Åmothaugen (20080011)
- Omsorgsbustader Åmothaugen (20100003)
- Åmot nordaust (20110003)

Vurdering av forholdet til KU-forskrifta:

KU-føresegna § 6, a-c fastsett dei planane ein alltid skal konsekvensutgreie og ha planprogram eller melding om.

Planlagt arealbruk er vurderte opp mot vedlegget I, pkt. 24 «Næringsbygg, bygg for offentleg eller privat tenesteyting og bygg til allmennyttige formål med et bruksareal på meir enn 15 000 m².». Det blir lagt opp til ein utnyttingsgrad som ikkje overstig grenseverdiane for næringsareal i vedlegg I i Forskrift for konsekvensutgreiing. Dermed er det ikkje krav om konsekvensutgreiing og planprogram i samsvar med § 6.

Reguleringsplanen blir ikkje fanga opp av § 7, og utløyser dermed ikkje automatisk KU-plikt.

Når ein vurderer om §8 i forskrifta er relevant, må ein sjå om tiltaka er nemnde i vedlegg II. Tiltaket fell inn under vedlegg II, punkt 10.b) - Utviklingsprosjekt for by- og tettstadsområde, inkludert kjøpesenter og parkeringsanlegg. Tiltaket sin karakter blir vurdert til å være lite konfliktfylt. Planarbeidet utløyser med dette ikkje konsekvensutgreiing etter § 8 i forskrifta. Tiltaket fell òg inn under punkt 11 j), *Næringsbygg, herunder kjøpesentre som ikke inngår i pkt. 10 b, bygg for offentlig eller privat tjenesteyting og bygg til allmennyttige formål.* Dette gjer at ein må vurdere §10 i forskrifta.

Vurdering om tiltaket kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, §10.

Jf. Forskrift om konsekvensutgreiing §10, tredje ledd, bokstav a-h.

- a. Verneområde, utvalde naturtypar, prioriterte artar, verna vassdrag, laksevassdrag, freda objekt: Ingen konflikt. Ingen verneområde i eller i nærleiken av planområdet. Det er gjennomført naturtypekartlegging i 2019, som ikkje har påvist særlege verdiar.
- b. Truga arter, naturtypar, verdifulle landskap og kulturmiljø, mineralressursar og viktige friluftslivområde: Det er gjennomført naturtypekartlegging i 2019, som ikkje har påvist særlege verdiar. Det er ikkje verdifulle landskap eller mineralressursar. Fire funn av kolgroper i planområdet. Tre av desse er fjerna i samband med utbygging av Bruli. Lite sannsyn for funn i sentrumsområde pga. omfattande terrenginngrep. Statleg sikra friluftsområde er del av planområdet, men skal ikkje brukast til utbygging.
- c. Overordna føringar (statleg og regional plan): ATP Telemark kategoriserer Åmot til fleirkjerne regionsenter i Vest-Telemark. Det skal vere auka tettleik målt i folketal, omsetjing og arbeidsplassar i perioden 2015-2025. Intensjonane med planarbeidet er i tråd med overordna plan.
- d. Omdisponering av LNF-område: Området er dekt av barskog av middels bonitet. Jordkvaliteten er ikkje undersøkt. Det er delvis sterk helling i området. Det er ingen landbruksinteresse i området. Skogbruksinteressene er svake. Delar av arealet er i kommunen sitt eige, andre delar er eigd av aktørar utan tilknytning til landbruk. Det er ikkje planlagt større omdisponering av LNF-område.
- e. Auka belastning i område med fastsette miljømål: Planarbeidet har ikkje som føremål å auke belastninga i området. Målet er å styrke.
- f. Konsekvensar for helse: Ikkje konflikt. Planarbeidet har som mål å betre helsa i befolkninga ved å legge til rette for auka gangtrafikk og tilgjenge til rekreasjonsområde. I tillegg vil planen bidra til å utjamne forskjellar i fordelinga av helsa.

- g. Vesentleg forureining eller klimagassutslepp: Ny verksemd vil ikkje medfører vesentleg forureining eller klimagassutslepp. Det er ein intensjon om å rydde opp i trafikal situasjon og å betre tilhøva for mjuke trafikantar og nærrekreasjon.
- h. Risiko for naturfareulukker: Planområdet ligg utanfor områda for alle skredtema. Aktsemdområde for flaum kjem litt innpå delar av planområdet, men vassdraget er regulert. Området ligg over marin grense. Lausmassekartet viser «tjukk morene» over nesten heile området og delvis elveavsetningar. Delar av området ligg på nedspregnd fjell.

Samanstilling og oppmoding

Planen fell ikkje inn under kravet om konsekvensutgreiing i Forskrift for konsekvensutgreiingar av følgjande grunnar: Omfanget av tilsikta tiltak er under terskelnivået og verknader for miljø og samfunn vil ikkje vere negative.

Eit planforslag bør vurdere konsekvensane for trafikk, særleg mjuke trafikantar. I tillegg bør ein i utforming av planen fokusere på tettstadbiletet med attraktive offentlege rom, tilgjenge til nærrekreasjon for innbyggjarar, tilsette ved lokale verksemdar og tilreisande.